



Vår dato 20.08.2014	Dykkar dato 10.06.2014	Vår referanse 14/01423-3	Vår sakshandsamar Einar O. Standal
Avdeling Seksjon for utdanning og forskning	Dykkar referanse 14/3104	Arkivkode 62	Direkte telefon 24142220

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO
postmottak@kd.dep.no

Høyring - Framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova - Skulebytte i mobbesaker

Utdanningsforbundet syner til høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet av 06.06.2014 om framlegg til endringar av opplæringslova og privatskulelova.

Framlegget inneber ei presiseringa av opplæringslova § 8-1 fjerde ledd og privatskulelova § 3-3 første ledd som opnar for flytting av ein elev til ein annan skule når han/ho mobbar andre elevar.

Utdanningsforbundet ser ikkje behov for å endre opplæringslova og privatskulelova på dette punktet. Utdanningsforbundet går mot framlegget frå departementet.

Om lovframlegget

Det følgjer av § 8-1 første ledd i opplæringslova at elevar i grunnskulen har rett til å gå på den skulen som ligg nærmest eller på den skulen i nærmiljøet som ein soknar til. Fjerde leddet i denne paragrafen opnar for eit unnatak frå første ledet «når omsynet til dei andre elevane tilseier det.» Same formulering finn ein i § 3-3 første ledd i privatskulelova.

Framlegget frå Kunnskapsdepartementet inneber eit nytt punktum i opplæringslova § 8-1 fjerde ledd og privatskulelova § 3-3 første ledd.

Framlegg til ny paragraf 8-1 fjerde ledd lyder:

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på etter første ledet. *Dette vil blant anna gjelde flytting av ein elev som mobbar ein eller fleire medelevar.* Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

Framlegget følgjer opp eit punkt i regjeringserklæringa: *Regjeringen vil sørge for at det er mobberen som bytter skole i mobbesaker der skolebytte er eneste løsning.*

Framlegget følgjer også opp eit brev som statsråden sendte til alle landets skular 18.12.2013. Her annonserte han eit framlegg om lovendring. Grunngjevinga i dette brevet var at «det har vært enkelte uklarheter og ulik praksis i tilknytning til om og hvordan mobberen kan flyttes i slike tilfeller.»

Framlegget er ei presisering av gjeldande rett og inneber at ein elev som mobbar andre, kan flyttast til ein annan skule utan samtykke frå elev/føresette. Departementet seier at dette følgjer av dagens lovverk og såleis er gjeldande rett, men at det «står ikke eksplisitt i opplæringsloven eller privatskoleloven.» Framlegget er meint som ei klargjering og kan etter departementet si vurdering også «gi en viktig signaleffekt og virke preventivt.»

Det går fram av høyringsnotatet at dette er «en siste mulighet» og ein «siste utvei» i «særlige tilfeller» og «i helt spesielle unntakstilfeller der det ikke finnes andre løsninger.»

Departementet peikar på at det er viktig at ein slik mulegheit finst, men at det ikkje er meint som «en lettint løsning» på utfordringane ein skule kan stå overfor. Det vert også peika på at omsynet til den som mobbar må vike til fordel for omsynet til den eller dei «som får sin skolehverdag ødelagt av mobbingen.» Tiltaket må også praktiserast i lys av FN sin barnekonvensjon og omsynet til barnet sitt beste. Det er difor ei avvegning av motstridande omsyn som må ligge til grunn.

Sjølv om tiltaket berre skal nyttast som heilt spesielt unnatak, understrekker departementet at verkemiddelet «bør benyttes når det er nødvendig.»

Utdanningsforbundet si vurdering

Det er Utdanningsforbundet si vurdering at det bør vere ei slik opning i lovverket for bruk i særleg alvorlege høve. Samstundes meiner vi at framlegget frå departementet er unødvendig. Dagens lovverk opnar allereie for slik flytting. Vi meiner det ikkje kan vere tvil om at denne opninga gjeld i alvorlege mobbesaker i dag. Dette går dessutan tydeleg fram av førearbeida då lova vart endra frå 01.08.2000. Det følgjer av Ot. Prp. Nr. 44 (1999-2000) og Innst. O. Nr. 89 (1999-2000) at framlegget skulle gjelde når «vedvarende og alvorlig mobbing eller annen atferd virker ødeleggende på skole- og læringsituasjonen.»

Utdanningsforbundet ser ikkje behov for å endre opplæringslova og privatskulelova på dette punktet. Vi oppfattar presiseringa meir som ei politisk markering enn rettsleg og faktisk. Dette vert underbygd av at endringa ikkje er meint å ha andre konsekvensar enn å presisere gjeldande rett.

Når statsråden i brev av 18.12.2013 syner til «enkelte uklarheter og ulik praksis», kunne dette ha vore løyst betre gjennom eit rundskriv frå departementet som klargjer gjeldande praksis, i staden for ei lovendring som ligg innanfor gjeldande rett, og som ikkje i seg sjølv løyser den utfordringa brevet peikar på.

Departementet seier i høyringsnotatet at «presiseringen som foreslås er derfor kun ett av flere eksempler på tilfeller der bestemmelsene kan benyttes.» Ein kan difor tenkje seg fleire døme på seinare tidspunkt. Ein praksis der ein vil lovheimle ei rekkje forvaltningsrettslege tiltak eller andre forhold ved skulekvardagen i Noreg, vil føre til eit svært omfattande og for konkret lovverk. Ei slik rettsutvikling vil også innebere at lovverket raskare vert utdatert, og vil krevje hyppigare oppdateringar. Politiske haldningar bør ikkje heimlast i lovparagrafar.

I august 2013 oppnemnde den førre regjeringa eit utval (Djupedalutvalet) som skal vurdere verkemiddel mot mobbing. Det følgjer av mandatet at utvalet blant anna skal «gjennomgå og vurdere regelverket» og «foreslå hvordan regelverket bør utformes for å sikre tilpassede reaksjoner til sakenes alvor.» Utdanningsforbundet meiner at ein bør vente på innstillinga frå utvalet for å sjå dei samla verkemidla i samanheng, før ein vurderer behovet for endringar av einskildparagrafar i lovverket.

Departementet seier i høyringsnotatet at framlegget kan gje ein viktig signaleffekt og verke preventivt. Utdanningsforbundet tviler på ein slik preventiv verknad. Vi stiller også eit alvorleg spørsmål ved den signaleffekten som framlegget gir. Framlegget inneber at det er den klart sterkeste sanksjonen retta mot einskildelevar som vert løfta fram av departementet som den største utfordringa knytt til gode lærings- og oppvekstmiljø. I lys av fleire saker for domstolane og tilsyn frå fylkesmennene som syner klare lovbro og omfattande systemsvikt i skular og hos skuleeigarar knytt til arbeidet mot mobbing, meiner vi departementet burde ha sendt ut heilt andre signal. Utdanningsforbundet meiner utfordringar knytt til regelverkforståinga og regelverksetterlevinga i sektoren knytt til arbeidet mot mobbing, er mykje meir påtrengande enn ei presisering av §§ 8-1 og 3-3 i opplæringslova og privatskulelova. Fokus på systematisk førebyggjande arbeid, høgare forvaltningskompetanse og auka brukarmedverknad vil etter vår vurdering i større grad styrke arbeidet mot mobbing i skulen.

Utdanningsforbundet meiner framlegget kan oppfattast som ein lågare skranke for å flytte ein elev til ein annan skule når han/ho mobbar andre elevar. Utdanningsforbundet meiner det er og må vere innanfor skulen sitt klare ansvar og myndighetsområde å hindre og handtere mobbing. Å tvangsflytte ein elev er på mange måtar ei fallitterklæring for skulen og kommunen, og kan innebere at skulen ikkje har lukkast i ei av dei viktigaste oppgåvene; å fremje helse, trivsel og læring. Dette er ikkje eit ansvar ein kan unndra seg med «lova i hand.» Det skal og må vere ei klar og tydeleg forventning til skulane, og særleg rektor, om å hindre og handtere mobbing på eigen skule.

Med vennleg helsing

Torbjørn Ryssevik
Seksjonsleiar

Einar O. Standal
Seniorrådgjevar